



## Notat

Til: Arthur Kleiveland

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Lin Tove Thomassen

Vår referanse: 15/736 - 1 /

Dato: 23.04.2015

### Emne: Lokale kulturbrygg 2015

Hordaland fylkeskommune løyer kvart år spelemidlar til lokale kulturbrygg.

Tilskot til lokale kulturbrygg skal vere med på å etablere felles lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd med både eigenaktivitet og formidling av kunst og kultur i Hordaland.

Tilskot kan gjevest til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbrygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Kommunane handsamar søknadane. Frist for å søkje til kommunen var 1. april.

Frist for kommunen til å vidaresende søknadene til fylkeskommunen er 1.mai. Det skal i utgangspunktet også leggast ved ei politisk vedteken prioriteringsliste.

Det var kome inn to søknader til kommunen innan fristen. Sæbø ungdomslag søker om oppgradering av kjøkken ved Sæbø ungdomshus. Ytre Sæbø grunneigarlag søker om midar til rehabilitering av kummehuset ved kaien på Sæbø.

I dialog med Ytre Sæbø grunneigarlag kom det fram at kummehuset ikkje skal nyttast som eit lokal kulturbrygg etter formålet og søknaden gjeld ikkje for denne tilskotsordninga. Grunneigarlaget har fått tilbakemelding om ordningar som gjeld rehabilitering av kulturminner. I haust vil det vere mogleg å søkje om støtte frå kommunen sitt kulturminnefond.

Sidan vi berre har ein søknad som gjeld lokale kulturbrygg vert søknad frå Sæbø ungdomslag vidaresendt fylkeskommunen utan at det vert lagt ved ei prioriteringsliste.